


---

**Fra:** Synne Ones <syones@hotmail.no>  
**Sendt:** 11. mai 2016 00:27  
**Til:** Postmottak Lindås; Synne Ones  
**Emne:** gbnr 173/94 Rydland

Synne Ones has shared OneDrive files with you. To view them, click the images below.



---

**Kommentar til "Førebels svar - trong for tilleggskokumentasjon - gbnr 173/94 Rydland", datert 04.05.2016.**

I skrivet me mottok 4.mai var det sånn eg las det eit krav om at me supplerer med eit situasjonskart som viser vegtilkomst fram til eigendomen vår. Dette er no undervegs og vert sendt inn av Terje Seim ein av dei nærmaste dagane.

Når eg las vidare i skrivet var det ein setning eg beit meg merke i:  
"Omsøkte bustadtomt ligg i bratt terreng og vil vera særst eksponert ut mot omgjevnadane. Før kommunen handsamar saka, vert det bedt om at den omsøkte høgdeplassing av bygget vert vurdert på ny. "

Grunnen til denne henvendelsen er at eg er usikker på om dette er eit krav eller berre ei oppmodning til at me endrer på høgda. Eg har tolka det som ei oppmodning og ønsker ei tilbakemelding direkte til meg dersom eg har misforstått.

Eg skjønner veldig godt bekymringa dykkar, men eg kan forsikre dykk om at eg er særst oppteken av at tomten skal opparbeidast på ein fin måte. Det er allereie eit hus under oppføring på ein nabo-omt, dette huset sin høgdeplassing er berre 30 cm lavare enn vårt. Eg er klar over at dei har fått godkjent å setje opp ein høg betongmur i forkant av huset sitt. Det er overhode ikkje aktuelt for oss med ei slik løysing.

Eg ønsker å fortelje litt om mine tankar kring opparbeiding av tomten og valgt høgdeplassering. Eg har lagt ved min skisse av korleis eg ønsker å opparbeide tomten, samt eit bilete av eit hus med ein litt lignande løysing.

\* Vi vil i grensa mot nord og vest setje opp ei grønn støttemur med gjerde oppå. Ei grønn støttemur er ei støttemur oppført med torvblokkar eller lignande, sånn at det vil veksa gras og blomar utanpå og muren glir naturleg inn i omgjevnadane.

\* Innanfor gjerdet vil me lage ein plen, denne skal òg innehalde frukttrær (i hjørnet mot nordvest) og ripsbuskar (i hjørnet mot sørvest).

\*Opp mot huset vil me lage ein tørrmur, denne skal delast i to med ein brei trapp. Nedanfor murane skal det plantast høge buskar (rododendron eller lignande). Eg har lagt ved eit bilde av eit hus med ein lignande løysing (vår mur vert litt høgare og dessutan ein tørrmur, men det gjer eit inntrykk av kva me tenkjer).

Dette trur me vil gjere tomten fin, samt bidra til mindre eksponering mot omgjevnadane.

Dersom me må senke høgdeplasseringa på huset vil det få ein del negative konsekvensar for oss, blant anna:

\* Me vil få vestentlig brattare veg opp fra tomta. Noke som vil verte svært negativt på vinterstid, det er heller ingen mulighet for å kunne få nok fart til å komme oss over haugen om det er glatt.

\* Det vil føre til dyrare grunnarbeid på tomten.

\* Me vil få mindre utsikt.

Nok ein gang, ta gjerne kontakt med meg dersom eg har misforstått.

Med helsing

Synne Ones

Tlf: 91319794

[syones@hotmail.no](mailto:syones@hotmail.no)